

Aktivitetsplan 2017

Dato	Arrangement	Komite
Lau. 14. jan 2017	Nyttårskonsert	Sølvi, Asbjørn, Jonathan, Mathias, Kari, Inge.
Lau. 14. jan.	Nyttårskonsertfest	Eli, Laila M, Ola R, Johan
Febr/mars	Opning Raudeb. kult.hus	Frå Elvis til Sinatra
April-mai.	Omlegging tak Gravdal	Husstyret / styret
Lau. 22 april	Speling på turnstemne	Styre - noteutval
17. mai	Speling nasjonaldag	Styret / noteutval
Mai	Speling i Måløy ??	Styret / noteutval



Det er ni ting som har endra seg på bilete nummer 2 (under)



Vredens Gnag



Informasjonsavis for Torskangerpoll Musikklag

Nr. 1

24. årgang

Januar 2017

Klare til ny nyttårskonsert på laurdag

Sound of musicals

Nyttårskonsert med
Torskangerpoll Musikklag

i Samfunnshallen

laurdag 14. januar klokka 17.00



Vi serverer godbitar frå kjende musikalar.

Gjestesolistar: Gunnar Domstein og Helga Helgesen Rutledal



Billettar: Vaksne kr 200 - Under 15 år: kr 100

Førehandsal: nordfjordhallen.no og eBillett eller på servicetorget til Vågsøy kommune i Måløy

Laurdag 14. januar 2017 klokka 17.00 er det klart for nyttårskonsert i Samfunnshallen med Torskangerpoll Musikklag.

Det er 12. gong vi startar det nye året med konsert. Det blir mykje musikk frå kjende musikalar, melodiar folk kjenner og har eit forhold til. Helga Helgesen Rutledal og Gunnar Domstein skal vere med som songsolistar.

Du kan kjøpe billett på førehand på Nordfjordhallen sine nettsider eller på kommunen sitt servicekontor i rådhuset i Måløy. Vi trur dette blir veldig bra.

www.torskangerpoll.no

Arne Torskangerpoll døydde i romjula

Ei stor korpselegende og ein av dei mest markante medlemmene i Torskangerpoll Musikklag, Arne Torskangerpoll, er gått bort. Natt til 26. desember 2016 døydde han.

Han vart gravlagt fredag 30. desember, og der tok korpset farvel og spelte.

Leiar i Torskangerpoll Musikklag, Johan Wåge

har laga desse minneorda:

"Arne Torskangerpoll sovna, etter eitids sjukdom, stille inn på sjukeheimen på Kulatoppen natt til andre juledag 2016. Han blei 85 år gammal. Arne blei fødd i Torskangerpoll av foreldra Ida og Isak Torskangerpoll. Han var eldst av fire sysken, Arne, Rigmor, Ivar og Sigrid.



Arne budde heile livet i Keila i Torskangerpoll bortsett frå då han var i militæret på 1950-talet. Yrkeskariera til Arne var fiskeri, dei 30 første åra i heilt



open båt. I 1979 kjøpte han båten Tor. Arne var ein flink og aktiv fiskar og godt kjent på fiskefeltet utanfor Vågsøy. Arne gifta seg med kona Åsta og det var alltid triveleg å besøke dei to. Arne og Åsta var glade i å reise og dei drog ofte på busstur anten innlands eller utanlands så lenge helsa holdt. Dei

tok masse bilder frå turane som dei var ivrige og fortelje om og å vise til besøkande i heimen.

Arne Torskangerpoll har ein stor del av æra for at Torskangerpoll musikklag nermar seg 100 år. Han tok over som dirigent etter sin far Isak i 1949 og dirigerte Torskangerpoll musikklag i 50 år fram til 1999. Mange av dei som i dag er musikkarar i korpset har spelt under Arne sin taktstokk og hugsar han godt som dirigent i Gravdal skule i Torskangerpoll der korpset hadde øvingane i mange år.

Når Arne var på fiske i sin opne trebåt på havet utanfor Vågsøy visste Åsta at kvar tysdag måtte middagen vere klar tidlegare fordi det var øvingsdag. Om fisket var godt eller dårleg avslutta Arne midt på dagen og reiste til lands for å vere klar til musikkøving om kvelden. Dette skjedde altså over ein periode på 50 år. Ikkje ei øving vart avlyst fordi

Arne var på jobb på havet. Arne hadde ikkje løn eller verderlag av for arbeidet han gjorde som dirigent, det ville han ikkje høyre snakk om. Han sørga for



at musikklaget alltid hadde god bruksmusikk for alle anledningar ved å komponere og arrangere mykje av musikken som blei spelt. Korpset reiste då som no ein del på stemner, turar og opptredde. Den Arneproduserte musikken som mange gonger blei fremført fekk som regel mykje skryt og ofte trampeklapp. 465 musikkarrangement og 72 komposisjonar blei laga heime på loftet i Keila. Stykka ville han ikkje gje ut til andre korps, dei var kun berekna for Torskangerpoll musikklag.

Noteskrivinga var eit tidkrevande arbeid der Arne laga og skreiv stemmene note for note for kvart enkelt instrument. Han brukte trekkspel for å teste at stemmene passa til kvarandre før han prøvde musikkstykket i korpset. Han brukte heller ikkje kopimaskin.

For sin store musikkinnsetning har Arne etter søknad frå Torskangerpoll Musikklag motteke Norges Musikkorps Forbund (NMF) sitt heiderteikn for

dirigentar, NMF sin fortjenestemedalje, Vågsøy kommune sin kulturpris, og Kongen si fortjenestemedalje i sølv. Det var stor stas når han og Åsta var på slottet og mottok kongemedalja, same dag som Frode Tingnes og var på slottet og mottok utmerking.

I 2004 fekk Arne slag. Han mista då taleevna og grunna blei sitjande i rullestol grunna lammelse i eine sida. Arne var like interessert i musikklaget etter slaget, og fekk Egil til å skyssje seg på øvingane så ofte det lot seg gjere. Musikklaget synest det var kjekt, og på øvingane vanka det kaffi, godt humør og mykje kjekk musikk å lytte til. Arne fekk notar og fylgde med på når korpset spelte, og gav signal når han meinte ting var gale og måtte rettast på. På stormfestivalane dukka Egil og Arne opp for å fylgje med og oppleve. Arne hadde og laga eit eige festivalmusikkstykket som han rett og slett gav navnet «Festivalen».



Minna er mange og gode og vi set stor pris på arbeidet du har lagt ned for ditt hjertebarn Torskangerpoll musikklag."